



Ein av dei som imponerte stort under MOT-konserten på Husnes tidlegare denne veka var Ronja Lakselv (14) frå Brekketoppen i Uskedalen. Mange meiner at ho stod fram som eit stort songtalent og at sentrale MOT-personar frå Trondheim merka seg henne. - Ho song før ho kunne snakke, ho dikta etterkvart som ho song allereie då ho var halvtanna år, fortel foreldra til uskedalen.no

- Og kva var det du dikta?- Det var helst bibelske budskap og som seinare var påskebudskapen i fyrste rekke. Dette har vore eit tema for meg så langt i livet, men det stoppar ikkje med det. Eg likar å synga alt mogeleg, til dømes også pop og country. Eg har eigentleg problem med å velja, innrømmer Ronja, som no er i åttande klasse på ungdomskulen i Rosendal. Opp gjennom åra har ho sunge saman med mange, til dømes med far Ronny.

På Husnes song ho saman med Kjell Torsvik frå Trondheim og det var ikkje minst då ho imponerte. Ho song 2 sengar solo og dei hadde den same budskapen: Å ha mot til å vera seg sjølv og stå for det ein trur på. Det var gjennom skulen ho vart plukka ut til Husnes-konserten.

- Vi har høyrte at du også satsa på Norske Talentar...- Jau, men det gjekk ikkje så bra. Det var i Bergen i fjor haust og fleire hundre tevla. Eg kom ikkje vidare, men skal sjølv sagt freista att.

- Og så syng du mot ein skjerm...- Eg syng og spelar på nettet i noko som heiter Younow og det er god trening. Ellers held eg fram med å improvisera - det er enklare enn å læra. Men eg har også skreve nokre sengar, fortel Ronja som også er svært allsidig når det gjeld å handtera instrument. Ho trakterar både gitar, piano, trommer, piano, bass, fele og munnspel!

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen

